



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal



STRATEGIPLAN 2020 – 2023





FORORD



Statsforvaltaren har mange og ulike oppgåver innanfor fleire fag- og forvaltningsområde. Strategiplanen gir rammer og retning for vegval, vurderingar og vedtak knytt til arbeidsoppgåver forankra i Statsforvaltarens embetsoppdrag.

Planen vil i tråd med dette ha form av å vere ein felles utviklingsplan for embetet - og vil også vere utgangspunkt for vidare arbeid med verksemdsplanlegginga i fagavdelingane.

Alle tilsette skal gjere seg kjende med strategiplanen, og bruke han i det daglege arbeidet. Planen vil i første rekke ha eit internt siktemål, men vil også kunne tene som nyttig informasjon til eksterne brukarar og samarbeidspartar.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal skal vere ein synleg og viktig medspelar. Vi skal arbeide til beste for alle som bur i fylket ut frå:

vår visjon

TRYGG FRAMTID FOR FOLK OG NATUR

våre verdier

**ENGASJERT - RETTFERDIG -
OPEN OG KOMPETENT**





INNHALD



<u>Statsforvaltaren sine ulike roller og oppgåver</u>	<u>4</u>
<u>Organisering</u>	<u>5</u>
<u>Visjon og verdier</u>	<u>6</u>
<u>Strategiplanen som verktøy</u>	<u>7</u>
<u>Utviklingsplan for embetet</u>	<u>7</u>
<u>Samanhengen mellom styringsdokument, strategiplan og verksemdsplanar</u>	<u>8</u>
<u>Tverrfaglege satsingsområde i planperioden 2020 - 2023</u>	<u>9</u>
<u>Om mål, strategiar og tiltak</u>	<u>9</u>
<u>Klimaomstilling gjennom Klimasnu</u>	<u>12</u>
<u>Samfunnstryggleik og beredskap</u>	<u>13</u>
<u>FNs berekraftsmål</u>	<u>14</u>
<u>Offentleg sektor – krav til omstilling og endring</u>	<u>15</u>
<u>Regionale utfordringar – eit bakteppe for verksemda hos Statsforvaltaren</u>	<u>16</u>
<u>Møre og Romsdal 2025 – eit strategisk samarbeidsprosjekt</u>	<u>17</u>
<u>Kunnskapsgrunnlag, vidare lesing og kjelder</u>	<u>18</u>
<u>Periode og årshjul for strategiplanen</u>	<u>19</u>
<u>Hustavle</u>	<u>20</u>





STATSFORVALTAREN sine ulike roller og oppgåver



Statsforvaltaren er Kongens og Regjeringas representant i fylket og skal arbeide for at Stortinget og Regjeringa sine vedtak, mål og retningsliner kan bli følgd opp. Statsforvaltaren sine ulike roller og oppgåver er nærare omtalt i [Fylkesmannsinstruksen](#) og [Virksomhets- og økonomiinstruksen](#).

Kommunal – og moderniseringsdepartementet (KMD) har det administrative styringsansvaret for Statsforvaltaren, i tillegg til å ha samordningsansvaret overfor dei andre departementa. KMD har også rolla som fagdepartement på nokre saksområde. Etatsstyringa skjer hovudsakleg gjennom [Virksomhets- og økonomiinstruksen](#) og det årlege [Tildelingsbrevet](#) – og med vidare oppfølging og rapportering på dette.


Statsforvaltaren sine oppgåver kan oppsummerast i tre hovudpunkt:

- Formidle og iverksette nasjonal politikk og forventningar til kommunane på tvers av alle politikkområde
- Samordne og medverke til samarbeid mellom kommunar, statsetatar og regionale aktørar
- Fremje rettstryggleik for einskildmenneske og fellesskap, med vekt på likeverd

Med dette som utgangspunkt kan det vidare trekkast eit skilje mellom Statsforvaltarens ulike roller som

- sektormyndigheit
- samordningsinstans
- rettstryggleiksinstans
- initiativtakar og informasjonsknutepunkt

Sentrale styringsdokument er samla i [Styringsportalen for Statsforvaltaren](#).



← ORGANISERING →

Statsforvaltaren har både reine fagoppgåver for fagdepartement og direktorat - og meir generelle/samordna statsoppgåver.

Statsforvaltaren samla oppgåveportefølgje er retta mot kommunane, privatpersonar og private, frivillige og offentlege verksemdar i fylket.

Dette omfattar mellom anna:


- formidling av statlege styringssignal
- fordeling av statlege tilskotsordningar
- klagesaksbehandling over kommunale og fylkeskommunale vedtak etter ulike særlover
- tilsyn etter ulike særlover
- førstelinetenester innan fleire fagområde

Oppgåvene er knytt til ulike fag- og forvaltningsområde:

- natur og miljø
- landbruk
- oppvekst og utdanning
- helse og sosial
- planlegging og byggesak
- kommunal organisering og tenesteyting

Statsforvaltaren skal vektlegge heilskapleg og strategisk leiing av embetet. Alle oppdragsgivarar understrekar verdien av at sektorovergrepande oppgåver blir løyst gjennom samarbeid mellom fagavdelingane

i embetet. [Statsforvaltaren i Møre og Romsdal](#) har om lag 150 tilsette og er lokalisert til Fylkeshuset i Molde. Statsforvaltaren er organisert i fem fagavdelingar og tre stabseiningar.



← VISJON OG VERDIAR →

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal står samla om ein felles visjon og eit felles verdsett.

VÅR VISJON

- TRYGG FRAMTID FOR FOLK OG NATUR

VÅRE VERDIAR

- ENGASJERT
- RETTFERDIG
- OPEN
- KOMPETENT

Alle tilsette hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal skal

- utøve effektiv og kompetent saksbehandling i embetet
- gi rettleiing og informasjon gjennom god dialog
- medverke til utvikling og kompetansebygging med mål om varig læring
- medverke til berekraftige lokalsamfunn med velfungerande lokaldemokrati
- formidle fagkunnskap og nasjonal politikk

- gjennomføre hensiktsmessig tilsyn og kontroll for å sikre rettstryggleik, miljøkvalitet og levekår
- vere ombod for einskildmenneske
- samordne tilsyn med andre statlege verksemder og samarbeide med andre offentlege instansar
- sikre kvalitet på alle forvaltningsområde gjennom god internkontroll
- bruke eit klart og enkelt språk

Med utgangspunkt i visjonen og verdiane har vi ei eiga [Hustavle](#) som er presentert på siste omslagsside av plandokumentet





STRATEGIPLANEN SOM VERKTØY




Strategiplanarbeidet er forankra i Statsforvaltarens virksomhets- og økonomiinstruks. Statsforvaltaren skal utarbeide strategi for verksemda samt interne styringsdokument i form av verksemdsplan, årsplan eller tilsvarende

Utviklingsplan for embetet

Strategiplanen er ein felles utviklingsplan for embetet som skal:

- bidra til å avklare roller og ansvar, etablere gode arbeidsprosessar og sikre godt kunnskapsgrunnlag for arbeid på tvers av ulike fagområde
- vere oppdatert og relevant i forhold til nasjonale og regionale styringssignal og samfunnsoppdrag i eit langsiktig perspektiv
- leggast til grunn for det daglege arbeidet i embetet og innehalde ein tiltaksdel som inngår i embetet sin samla verksemdsplan
- følgjast opp vidare gjennom eigne verksemdsplanar for fagavdelingane og må sjåast i samanheng med embetet sine styringsdokument, det årlege tildelingsbrevet, og oppfølgingspunkt i Statsforvaltarens leiarsamtale med KMD; sjå [Styringsportalen for Statsforvaltaren 2020](#)
- ligge i botnen for Statsforvaltarens årsrapportering
- tene som nyttig informasjon også til publikum, eksterne brukarar og samarbeidspartnarar
- primært ha ein tidshorisont på fire år, med årleg rullering og med hovudrevisjon kvart fjerde år




Planoversikt - sammenhengen mellom styringsdokument, strategiplan og verksemdsplanar

Statsforvaltaren sine ulike oppdrag og oppgåver er nærare omtalt i sentrale styringsdokument samla i [Styringsportalen for Fylkesmannen](#).

Kvart fylkesmannsembete må operasjonalisere og samordne planlegging og gjennomføring for optimal resultatoppnåing. Embetsoppdrag frå ulike

departement og direktorat gir viktige rammer og føringar for strategiplanen, men omfattar også oppdrag og oppgåver direkte til fagavdelingane og dei ulike fagområda. Også andre offentlege dokument gir viktige rammer og føringar. Figuren under illustrerer viktige dokument og prosessar knytt til dei ulike nivåa.

Planoversikt – samanheng mellom styringsdokument, strategiplan og verksemdsplan



← TVERRFAGLEGE SATSINGSOMRÅDE →

Planperioden 2020 - 2023

Statsforvaltaren har ei sentral rolle som samordningsinstans for staten på regionalt nivå.

Statsforvaltaren skal

- medverke til samordning, forenkling og effektivisering av den statlege verksemda i fylket
- arbeide for best muleg samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og den lokale statsforvaltninga
- støtte statlege etatar i behandlinga av spørsmål som blir tatt opp med kommunane eller fylkeskommunen

Statsforvaltarens samordningsoppgåver omfattar

- fagleg samordning som skal samordne enkeltsektorar og søke løysingar som kan ligge i skjerpunktet mellom ulike sektorinteresser
- kommunesamordning som skal samordne styringssignal for å sikre lokalt handlingsrom og samsvar mellom oppgåver og økonomisk rammer

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal skal i planperioden 2020 – 2023 arbeide aktivt for å ha ei høg måloppnåing innan alle embetsoppdrag, og samstundes prioritere følgjande **tværfaglege satsingsområde**:

- **Klimaomstilling gjennom Klimasnu**
- **Samfunnstryggleik og beredskap**

Om mål, strategiar og tiltak

Strategiplanen sine prioriterte satsingsområde er nærare omtalt gjennom omgrepa **mål, strategiar og tiltak**

- Mål er knytt til ønska sluttresultat, medan strategi er framgangsmåten som blir brukt for å nå målet. **Strategi** er målrealisering, det ein planlegg å gjere for å oppnå måla.
- I denne strategiplanen er mål og strategiar sett i eit **fireårsperspektiv**, medan tiltaka er handlingar som i utgangspunktet gjeld for det førstkomande året og som har til hensikt å operasjonisere strategiane.
- Gjennom **årlege handlingsplanar** kan det utarbeidast **delmål** og **tiltak** som bygger på dei overordna måla og strategiane.
- Planen inneheld fleire tiltak enn det som er tatt med i tiltaksdelen/ handlingsprogrammet for inneverande år. Nokre av desse kan vere relevante i påfølgjande år.

Satsingsområde med utgangspunkt i Statsforvaltarens ansvar og roller – og med kopling til gjennomgående perspektiv

Dei tverrfaglege satsingsområda er direkte forankra i Statsforvaltaren sine fire ansvarsområde og roller;

- **Iverksetting av nasjonal politik**
- **Samordning**
- **Rettstryggleik**
- **Informasjon og kommunikasjon**

Dei to tverrfaglege satsingsområda for planperioden 2020 – 2024 er vidare – både kvar for seg og samla sett - kopla til dei gjennomgåande perspektiva med utgangspunkt i berekraftsmåla sine fire dimensjonar:

- **Miljømessig berekraft**
- **Sosial berekraft**
- **Økonomisk berekraft**
- **Samarbeid på for å nå måla**

Felles for dei gjennomgåande perspektiva *Livsløp og folkehelse, Barn og unge, Likestilling og inkludering, Digitalisering og omstilling:*

- omfattar nasjonalt prioriterte samfunnsomsyn som Statsforvaltaren skal vurdere i alle planar og tiltak
- skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid i tråd med Statsforvaltarens ansvarsområde og roller
- skal vurderast for alle tiltak i vidare arbeid med innsatsområde på tvers,

handlingsprogram og avdelingsvise verksemdsplanar

- utgjer dei fire dimensjonane i berekraftsomgrepet slik dette er vidare utdjupa gjennom FNs 17 berekraftsmål
- er tett kopla til langsiktige utviklingsmål i [Regional planstrategi og Fylkesplan for Møre og Romsdal 2020 - 2024](#)

Strategiplanen vil på bakgrunn av dette kunne oppsummerast langs tre dimensjonar:

- **Ansvarsområde og roller**
- **Gjennomgåande perspektiv**
- **Tverrfaglege satsingsområde med mål, strategiar og tiltak**

Koplingane og samanhengane mellom desse kan illustrerast gjennom figuren på neste side.

← SFMR STRATEGIPLAN 2020-2023 →

Statsforvaltarens ansvarsområde og roller

Iverksetting av
nasjonal politikk

Samordning

Rettstryggleik

Informasjon og
kommunikasjon

Gjennomgåande perspektiv

FNs berekraftsmål



Livsløp folkehelse

Barn og unge

Likestilling og
inkludering

Digitalisering og
omstilling

Innsatsområde på tvers

Klima-
omstilling
gjennom
Klimasnu

Samfunns-
tryggleik
og
beredskap

← KLIMAOMSTILLING GJENNOM KLIMASNU →

Klimaendringane er ei av dei største utfordringane vi står overfor. Statsforvaltaren skal medverke til gjennomføring av den nasjonale klima- og miljøpolitikken. Arbeidet for å bidra til reduserte klimagassutslepp i fylket, skal prioriterast. Vi skal også bidra til at samfunnet blir godt budd på, og blir tilpassa eit klima i endring. Kommunane har ei sentral rolle i arbeidet, og det er ei forventning om at kommunane skal prioritere arbeidet med klima. Visjonen for satsinga Klimasnu er Møre og Romsdal som klimanøytralt samfunn, godt tilpassa eit klima i endring.

Mål

Satsinga Klimasnu skal

- vere ein regional pådrivar for klimagassreduksjon og klimatilpassing
- styrke klimakompetansen, både internt i embetet, ute i kommunane og ved andre sentrale aktørar
- utvikle fylket i ei klimavennleg retning for å nå lågutsleppssamfunnet
- bidra til at Møre og Romsdal er klar til å takle klimaendringane

Strategiar

- Intern organisering med god forankring i alle ledd
- Motivere kommunane til å arbeide aktivt med klimaomstilling
- Få etablert klimabudsjett og klimarekneskap som styringsverktøy for alle kommunar og andre sentrale aktørar i fylket
- Få klima som eit viktig omsyn i alle offentleg innkjøp i fylket
- Opprette kontakt og god kommunikasjon med kommunane, fylkeskommunen og statsetatane i arbeidet med klimaomstilling
- Trekke fram gode eksempel på lokalt klimaarbeid i vårt fylke
- Gjere alle tilsette kjend med klimaomstilling innanfor sitt fagfelt

- Målretta innretting av tilskot og ressursar
- Informere og kommunisere om satsinga Klimasnu

Tiltak

- Lage årlege handlingsplanar for satsinga
- Ta ei aktiv rolle i alle klimanettverk i fylket
- Sette klimaomstilling på dagsorden på alle relevante møteplassar og arrangere eigne konferansar om klimaomstilling
- Gjennomføre kartlegging av klimakompetansen i embetet, ute i kommunane og ved andre sentrale aktørar
- Ha klimaomstilling som fast sjekkpunkt i våre høyringfråsegner knytt til kommunale og regionale plansaker etter plan- og bygningslova
- Utdeling av ein årleg klimapris
- Gjennomføre klimatiltak i eigen organisasjon





SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP



Statsforvaltaren skal samordne og legge til rette for gode arenaer for samarbeid om samfunnstryggleik i fylket. Dette blir gjort gjennom informasjonsutveksling, felles plan- og kunnskapsgrunnlag om risiko og sårbarheitsutfordringar i fylket, og samarbeid om tiltak for å forebygge, styrke beredskapen og krisehandteringsevna. I dette ligg også ei vidareutvikling av totalforsvaret, og det sivil-militære samarbeidet regionalt.

Statsforvaltaren skal bidra til ei heilskapleg og systematisk tilnærming til samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i embetet, i samarbeid med regionale aktørar og i oppfølging av kommunane. Embetet skal ha ein kriseorganisasjon som som er budd og trent for å samordne krisehandteringa i fylket. Statsforvaltaren skal understøtte kommunar og råka aktørar si handtering av uønskete hendingar lokalt.

Mål

Satsinga Samfunnstryggleik og beredskap skal:

- styrke samarbeidet om samfunnstryggleik og beredskap i fylket, inkludert styrking av totalforsvaret¹
- styrke kompetansen om samfunnstryggleik og beredskap, både internt i embetet og hos kommunane
- bidra til eit robust fylke med fokus på førebygging, og aktørar med evne til å handtere uønskete hendingar når dei likevel skjer
- bidra til utvikling av trygge og gode lokalsamfunn

Strategiar

- Arbeide systematisk med fylkesROS, og involvere eksterne aktørar i arbeidet og oppfølginga av resultatet

- Opprette intern arbeidsgruppe som arbeider med samfunnstryggleik på tvers av avdelingane
- Delta i relevante fora og prosjekt knytt til samfunnstryggleik og beredskap
- Sikre at planlegging etter plan- og bygningslova fremjar samfunnstryggleik og tek omsyn til eit klima i endring
- Vere pådrivar og rettleie kommunar og regionale aktørar i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap
- Bidra til gjensidig kjennskap til regionale aktørar sine beredskapsplanverk

Tiltak

- Lage årlege handlingsplanar for satsinga
- Bygge vidare på fylkesROS med hendingsbaserte scenario i tråd med DSB sin rettleiar
- Avdelingane skal utarbeide eigne interne ROS-analysar og beredskapsplanar
- Kompetanseheving og erfaringslæring for personar med ei rolle i krisehandteringa
- Auke kompetansen om samfunnstryggleik i samfunns- og arealplanar internt og eksternt
- Etablere faste møteplassar for samfunnstryggleiksaktørar i fylket
- Involvere medlemmar i Fylkesberedskapsrådet (FBR) i øvingar retta mot kommunane
- Utarbeide «årshjul» med tidspunkt for revidering/oppdatering av ROS-analyse/beredskapsplanverk o.l. for embetet

¹ Totalforsvaret er eit fellesomgrep for det militære forsvaret og den sivile beredskapen i Noreg. Omgrepet omfattar gjensidig støtte og samarbeid mellom sivil og militær side for å førebyggje, planlegge for, og handtere kriser i fred, tryggingsspolitiske kriser, væpna konflikt og krig.



FNs BEREKRAFTSMÅL

FN sine [berekraftsmål](#) er ei felles erklæring for å utrydde fattigdom, motverke ulikskap og motverke klimaendringane innan år 2030. Erklæringa inneheld 17 mål for å oppnå ei berekraftig framtid. Berekraftomgrepet blir ofte sortert etter fire dimensjonar; miljø og klima, samfunn og økonomi, samt samarbeid for å nå måla. Samfunnsutfordringane vil kunne opplevast og tolkast ulikt avhengig av ståstad og posisjon. Regionale og lokale føresetnader vil vere avgjerande for korleis dette påverkar oss i kvardagen.


[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023](#) vedtatt ved kongeleg resolusjon 14.05.2019, legg viktige rammer og føringar for planleggings- og utviklingsarbeid i kommunar og fylkeskommunar.

Regjeringa legg her vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

Regionale og lokale myndigheiter har sentrale oppgåver med å handtere desse utfordringane. Regjeringa understrekar at [FNs 17 berekraftsmål](#) som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i utfordringane vi står overfor – både nasjonalt, regionalt og lokalt.

Berekraftsmåla skal leggest til grunn for å fremje sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. Dette blir følgt opp gjennom fylkeskommunen og kommunane sitt planstrategiarbeid for planperioden 2020 – 2024, og dannar også utgangspunkt for gjennomgåande perspektiv i Statsforvaltarens strategiplan. Møre og Romsdal fylkeskommune har inngått ein samarbeidsavtale knytt til FN sitt smartbyprogram. Her vil ein nytte metoden som er utvikla i «U4SSC», eit FN-støtta program som ved bruk av nærare 100 indikatorar (KPI), måler status i kommunen i høve til FN sine berekraftsmål.



Alle kommunane i fylket er gjennom [Berekraftfylket Møre og Romsdal](#) invitert til å delta. Statsforvaltaren har ambisjon om at flest mogleg kommunar i fylket skal bli med å samle inn «berekraftindikatorar» for eigen kommune.

Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren er å sjå til at nasjonale forventningar blir ivaretatt i den regionale og kommunale planlegginga. Statsforvaltaren har ei viktig rolle både som sektorpolitisk organ for å ivareta den enkelte fagsektor sine interesser i planarbeidet, og som samordningsinstans for samordning av statens interesser for å ivareta heilskaplege vurderingar på tvers av sektorar. Ansvar for oppfølging av nasjonale rammer og føringar knytt til regional og kommunal planlegging er elles også tydeleg forankra i Statsforvaltaren samla embetsoppdrag.

← OFFENTLEG SEKTOR - krav til omstilling og endring →

Vi er inne i ei tid prega av omstilling og endring i samfunn og organisasjonar. For å møte framtidens utfordringar blir det stilt krav om fornying, forenkling og forbedring av offentlig sektor. Som eit ledd i dette er det gjennom dei siste åra igangsett ei rekke reformer. Reformarbeid er eit viktig politisk verkemiddel for å endre velferdsstatens innhald og organisering. Statsforvaltaren som viktig bindeledd mellom kommunane og Stortinget, regjeringa, departement og direktorat vil her, på ulike måtar og i varierende grad, bli trekt aktivt med i dette reformarbeidet.

Kommunereform

Gjennom arbeidet med kommunereforma fekk Statsforvaltaren i Møre og Romsdal oppdrag frå Stortinget om å gi ei tilråding om framtidig kommunestruktur i vårt fylke. [Fylkesmannens tilråding](#) er presentert i ein eigen rapport.

Hovudmåla med kommunereforma er oppsummert i fire hovudpunkt:

- Gode og likeverdige tenester
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftig og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Kommunegrensene i dag synest å bety mindre for folks daglegliv. Betre kommunikasjonar og større mobilitet gjer at innbyggjarane i aukande grad gjer seg nytte av arbeidsplassar, handels- og tenestetilbod i eit vidare område enn heimkommunen. Fylket vil på tvers av dagens kommunegrensar kunne delast inn i ulike bu- og arbeidsmarknadsregionar (BA-regionar) eller i større arbeids-, bu- og serviceregionar (ABS-regionar). Ei viktig

utfordring i forhold til hovudmåla for kommunereforma er å arbeide for at kommunestrukturen i større grad blir justert og tilpassa grensene for dagens BA- og ABS-regionar slik dette er skissert ovanfor.

Nye kommunegrensar bør i større grad vere i samsvar med det som blir omtalt som kvardagsregionar. På bakgrunn av kommunesamanslåingar har vi i Møre og Romsdal frå 1. januar 2020 fått redusert talet på kommunar frå 36 til 26. Vi har fem nye kommunar; nye Volda, nye Ålesund, Fjord, nye Molde og Hustadvika. To kommunar, Rindal og Halså, har gått over til Trøndelag, medan Hornindal er slått saman med Volda kommune. Det nye kommunekartet viser store variasjonar kommunane i mellom i høve til m.a. demografi, areal, sentralitet og næringsstruktur. Møre og Romsdal har gått frå 18 til 9 kommunar med færre enn 5000 innbyggjarar. Statsforvaltaren skal framleis stimulere til diskusjonar om kommunesamanslåing der det ligg til rette for det.

Regionreform

Parallelt med kommunereformarbeidet vart det også sett i gang arbeid med reformer knytt til det regionale forvaltningsnivået. Dette omfattar m.a. forslag til ny regionstruktur og vurdering av nye oppgåver til regionalt folkevaltt nivå. Dette som ledd i desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane. Stortinget og Fylkestinget har vedtatt at Møre og Romsdal skal halde fram som eige fylke. Både Stortinget og regjeringa har gitt signal om at regional stat skal samordnast innanfor grensene av dei nye regionane/fylka. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vil såleis bli vidareført innanfor dagens regionale struktur. Samfunnsmessige og organisatoriske endringar slik det er skissert i det føregåande gjer likevel at Statsforvaltaren her vil møte nye krav til omstilling og endring. Dette vil også kunne gjelde i forhold til Statsforvaltarens samla oppgåveportefølgje. Samstundes vil dette også vere ein viktig premis i det vidare arbeidet med konkretisering av mål, strategiar og tiltak knytt til dei tverrfaglege innsatsområda i SFMR sin strategiplan for perioden 2020 – 2023.





REGIONALE UTFORDRINGAR



Eit bakteppe for verksemda hos Statsforvaltaren

Statsforvaltaren har gjennom sine ulike oppgåver og ansvarsområde ei tydeleg regional forankring. Klimaendringar, økonomisk omstilling og endringar i befolkningsmansetjinga viser store regionale variasjonar. Globale og nasjonale utviklingstrekk har direkte og indirekte konsekvensar for både Møre og Romsdal som region og for einskildkommunar i fylket.

For Statsforvaltaren er det viktig å ha god kunnskap om kva utfordringar fylket samla står overfor, så vel som kjennskap og innsikt knytt til lokale forhold og føresetnader i dei einskilde kommunane. Med dette som utgangspunkt har Statsforvaltaren eit viktig ansvar for å arbeide for gode og heilskaplege samfunnsmessige løysingar innanfor den nasjonale politikken.

Møre og Romsdal fylke har omlag 265.000 innbyggjarar pr. 01.01.2020, fordelt på 26 kommunar. Kommunane viser stor variasjonsbreidde i forhold til demografi og busettingsmønster, næringsliv og økonomi, natur- og ressursgrunnlag, transport og samferdsel, sosiale og kulturelle forhold osv.


Demografisk er det store skilnader kommunane mellom, frå Smøla med om lag 2160 innbyggjarar til Ålesund med om lag 65600. Fylket har mange små kommunar; der 9 av kommunane har færre enn 5000 innbyggjarar. For meir utfyllande oversikt over status, utviklingstrekk og utfordringar; sjå [Kommunestatistikk Møre og Romsdal 2019](#) og [Fylkesstatistikk Møre og Romsdal 2020](#). Det er også utarbeidd eigne kommunestatistikkpakkar for [nye kommunar 2020](#).

[Regional planstrategi Møre og Romsdal 2020 - 2024](#) gjer nærare greie for viktige utviklingstrekk og hovudutfordringar i fylket, og inneheld oversyn over korleis dei prioriterte planoppgåvene skal følgjast opp vidare. I samband med dette er det utarbeidd eit eige kunnskapsgrunnlag;

[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging](#) blir utarbeidd av regjeringa kvart fjerde år. Dokumentet gir også viktige rammer og føringar for Statsforvaltaren og andre statsetatar sin medverknad i plan- og utviklingsarbeid

Nye kommunar i Møre og Romsdal Frå 36 til 26 kommunar i 2020

- **Ålesund** (Ørskog, Skodje, Haram, Sandøy og Ålesund)
- **Molde** (Midsund, Nesset og Molde)
- **Hustadvika** (Eide og Fræna)
- **Volda** (Hornindal og Volda)
- **Fjord** (Norddal og Stordal)





MØRE OG ROMSDAL 2025



Eit strategisk samarbeidsprosjekt

Proessen knytt til [Regional planstrategi](#) og [Fylkesplan 2020 – 2024](#) er ein viktig arena for samarbeid om langsiktig og strategisk planlegging i regionen. Planstrategien og Fylkesplanen tar begge utgangspunkt i tre langsiktige utviklingsmål for Møre og Romsdal kopla til FNs berekraftsmål.

Planstrategien skal også ivareta nasjonale forventningar og prioriteringar. Gjennom dette vil det kunne leggst til rette for eit tettare samarbeid mellom Fylkesmannen, regional statsforvaltning og fylkeskommunen om regional planlegging.

- Dette kan også inngå som eit meir forpliktande styringsverktøy for å sjå utfordringar i fylket på tvers av kommunegrenser, forvaltningsnivå og sektorar.
- Vidare kan viktige satsingsområde og prioriteringar nedfelt i den regionale planstrategien vere med å opne opp for regionale tilpassingar knytt til Statsforvaltarens embetsoppdrag.

Samarbeidsprosjektet Møre og Romsdal som region mot 2025 i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune vart vedtatt av fylkesutvalet i møte 09.04.2018. Den påstarta regionreforma danner eit viktig bakteppe for prosjektet. [Møre og Romsdal fylkeskommune](#) er prosjekteigar og Statsforvaltaren deltar i prosjektet. Det overordna målet er at Møre og Romsdal skal vere ein tydelegare og sterkare region i det nye regionlandskapet. Målsettinga er at offentleg sektor med ansvar for Møre og Romsdal blir betre samordna og bidra til regional vekst og utvikling. [Prosjekt Møre og Romsdal 2025](#) vil også inngå i det pågåande arbeidet med [regional planstrategi og Fylkesplan 2020- 2024](#). Det regionale planarbeidet skal gi fylkeskommunen, kommunale

og regionale styresmakter, næringsliv, institusjonar og organisasjonar i fylket eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag, samt legge grunnlaget for god samhandling og godt samarbeid mellom desse.

Endringar i viktige rammevilkår for regional forvaltning vil føre til nye oppgåver og utfordringar for både fylkeskommunen og regional statsforvaltning. Statsforvaltaren og fylkeskommunen har med dette som utgangspunkt hatt dialog om samordning av offentleg sektor på regionalt nivå.

Møre og Romsdal 2025 = samarbeid for Møre og Romsdal



← KUNNSKAPSGRUNNLAG vidare lesing og kjelder →

Statistikk


- [Fylkesstatistikk Møre og Romsdal 2020](#)
- [Kommunestatistikk Møre og Romsdal 2020](#)
- [Folkehelsestatistikk Møre og Romsdal 2019](#)
- [SSB KOSTRA-rapportering 2019](#)
- [KMD - Kommunedata](#)
- [Kommunebarometeret 2020](#)

Faginfo/tabellar/figurar/kart

- [Statsforvaltaren i Møre og Romsdal](#)
- [Møre og Romsdal fylkeskommune](#)


Planar/dokument m.m.

- [Retningslinjer for Statsforvaltarens samordning av statlig styring av kommunesektoren](#)
- [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023](#)
- [Regional planstrategi Møre og Romsdal 2020 - 2024](#)
- [Meld.St.29 2016-2017 - Perspektivmeldinga](#)
- [Meld.St.18 2016-2017 Berekraftige byar og sterke distrikt](#)
- [KMD - Offentlig sektor fornyes, forenkles og forbedres](#)
- [Meld.St.12 2011 - 2012 Stat og kommune - styring og samspel](#)



← PERIODE OG ÅRSHJUL for strategiplanen →

Strategiplanen har eit fireårig perspektiv. Gjeldande plan er for perioden 2020 til 2023, med årleg oppfølging og revidering.





HUSTAVLE



Forventningar til

TILSETTE

- Eg er høfleg og sørvisinnstilt
- Eg er open og imøtekomande
- Eg er profesjonell i jobben min
- Eg medverkar til samhald og trivsel
- Eg er løysingsorientert og positiv til utfordringar
- Eg er lagspelar som motiverar og spelar kollegane mine gode.

Forventningar til

LEIARAR

- Eg ser og lyttar til den enkelte
- Eg er tilstades og tilgjengeleg
- Eg har respekt for medarbeidarane mine, og gir konstruktive tilbakemeldingar
- Eg har mot til å sjå og handtere konflikhtar
- Eg gir medarbeidarane ansvar og handlingsrom
- Eg skil mellom vesentlege og uvesentlege oppgåver, og eg har mot til å prioritere





